

## **SAK 35/18 TRADISJONSMUSIKKEN OG DANSN I HALLINGDAL**

### **Saksopplysning**

Martin Myhr uttrykkjer i brev til ordførarane 21.5.2018 (vedlegg 1) uro for rekruttering til folkemusikk og folkedans, som har ei sterk stilling i Hallingdal, og er ein av dei kulturelle bærebjelkane. Myhr ynskjer eit møte med ordførarar og leiarar for oppvekst/kultur for klargjera synspunkt og drøfte aktuelle tiltak. I sak 26-18 drøfta Regionrådet innspelet og det var bestemt at i samband med regionrådsmøte 30 – 31.august skal oppvekstleiarar i kommunane og Martin Myhr inviterast til vidare drøfting.

Som det går fram av brevet frå Martin Myhr er det og sett i gang tiltak for å redde Hallingdal Juniorspelemannslag.

Oppvekstleiarforumet i Hallingdal har drøfta saka og kulturskuleleiarane skal torsdag 30.8 drøfte korleis ein kan få til eit prosjekt der kulturskule og spelemannslag og andre kan ha same mål.

Det vil bli gjeve nærare orientering i møte.

Hallingdal, 24.8.2018

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Brev til ordførarane frå Martin Myhr, dat. 21.5.2018

Vedlegg 2: Oppslag Hallingdølen 12.6.2018

Martin Myhr  
Nyhusmov 7  
3579 Torpo

911 94 081  
[martinmyhr@aolnorge.no](mailto:martinmyhr@aolnorge.no)

Torpo, 21. mai 2018.

Til

Ordførarane i Hallingdal

Kommunale leiarar for felta: Oppvekst og Kultur i Hallingdal

## Tradisjonsmusikken og dansen i Hallingdal

Ein av dei kulturelle bærebjelkane i Hallingdal er tradisjonane innan folkemusikk og folkedans. Desse immaterielle verdiane er det berre vi som bur her som kan ta vare på. Dei siste åra har diverre rekrutteringa på både hardingfele og toradar gått attende. Dei lokale spelemannslaga slit med berre det å få eit styre på beina. Og i kulturskulane er det berre unntaksvis tilbod om toradar, hardingfele, kveding og langeleik.

Eg meiner at Kulturskulane burde ha plikt til å ha særleg hardingfele og toradar i katalogen sin. Eg meiner også at dei må samarbeide om dette. Det beste hadde vore å tilsett spesialutdanna pedagogar i desse instrumenta for heile dalen. Ikkje minst hardingfele er så krevjande og langsiktig å få til at du er avhengig av lærarar som verkeleg motiverer og gjer dei rette tinga. Om lærarane kjem frå andre tradisjonar gjer det ingenting. Dei første åra skal dei lære seg å handtera instrumenta, så er tida inne til å tileigna seg lokal tradisjon frå dei vaksne spelemennene i Hallingdal.

Dei siste 20 åra har også folkemusikken fått sin del av høgare utdanning. Det er ei lang rekkje musikalrar utdanna ved Norges Musikkhøgskule, Ole Bull Akademiet og andre plassar. Nokre av desse er framifrå pedagogar, og det er slike vi treng i grunnopplæringa.

For 13 år sidan såg eg at veldig mange som begynte med fele slutta. Eg tenkte det kunne vera for einsamt og vera åleine med ein lærar ein gong i veka. Difor starta eg Hallingdal Juniorspelemannslag, og har sidan administrert dette laget. Der møtast unge felespelarar frå heile dalen og lærar saman ei helg i månaden. Dette har vore veldig vellukka, men no kjem det ikkje inn nye. Frå at det var 12-13 med i starten, er det no 3-4. Og fleire av dei går alt på vidaregåande og forsvinn snart ut på skule.

Martin Myhr  
Nyhusmov 7  
3579 Torpo

911 94 081  
[martinmyhr@aolnorge.no](mailto:martinmyhr@aolnorge.no)

Folkemusikken og -dansen har ei sterk stilling i Hallingdal. Ein merkar det på godord frå ukjende for aktivitetane på Hugnadheim på Torpo. (Der har vi med unge frå Hemsedal, Nes, Gol, Ål og Hol) Ein ser det i dekninga av feltet i Hallingdølen, og det er ei generell positiv haldning. Men utan utøvarar hjelp det ikkje å vera positiv.

Noko anna som har forundra meg er at ikkje kommunane i Hallingdal gjer meir ut av hallingdansen (lausen). At ikkje laus og også springar blir nytta som ein viktig del av gym, musikk, historie, identitetsbygging er for meg veldig rart. At ikkje skulane ser dette som ein skatt?

For å redde Hallingdal Juniorspelemannslag har eg fått med meg alle spelemannslaga i dalen i tillegg til dei aktive ungdomslaga, på ein søknad om utlyste nasjonale midlar. I søknaden la vi særleg vekt på nybegynnaropplæring i hardingfele og toradar. I tillegg ville vi skapa miljø dagar der vi samlar folkemusikk og –dans interesserte i alle aldrar frå alle 6 kommunane.

Komiteen såg nok kva vi slit med og ga oss full pott på 100.000,- kroner. No vil vi invitera alle gode krefter til samarbeid om å gje inspirasjon til nye unge utøvarar som kan føre tradisjonane våre vidare. Innspel, idear, økonomi, tilrettelegging osv.

Noko eg kunne ønske var at kommunane syner at dei ser at kulturuttrykka som er heilt spesielle for Hallingdal er noko verdfullt vi saman må halde oppe. Eg håpar at kommunane kan hjelpe Kulturskulane med å innsjå at dei må samarbeide om ein skal kunne gje lærarar store nok stillingar til at det blir interessant. Eg vil at dette blir framsnakka til rektorar og lærarar i skulen. At det blir uttrykt ønske om at skulane brukar denne fantastiske arven som dansen er mykje meir aktivt og målretta. Ingen ungar i Hallingdal bør få gå ut av grunnskula utan å kunne dansa ein liten laus. Det er verkeleg ein identitetsmarkør å ta med seg ut i verda. Trygg og sikker i sitt eige, trygg, sikker og tolerant når ein møter framande.

Eg håpar at de alle tek dette på alvor, og eg ser fram til å høyre frå dykk. Om det er slik at de har fellesmøter for ordførarar og/eller etatsleiarar innan kultur og oppvekst frå alle kommunane, vil eg gjerne møte dykk.

Vennleg helsing

Martin Myhr

PS. Eg har sendt eit liknande brev til alle Kulturskulane.

**HEIDRA:** Jannecke Hofset frå Ålesund og Lena Berg frå Elverum har fått William Nygaards legat 2018 på 50.000 kroner for læreverket dei har laga for vaksne innvandrarak. Verket heiter «God i norsk» og finst både på bokmål og nynorsk. - Det er ærefullt og stor stas å få ein slik pris som fersk lærebokforfattar, seier dei to lærebokforfattarane til nettavisa Bok365.no. (©NPK)

# Krise for folkemusikken

■ Martin Myhr fryktar dans og musikk frå Hallingdal vil forsvinne

For tida er det ingen som får opplæring i hardingfelespel og hallingtradisjon i regionen. - Det burde vere ein tankevekkjar, seier Martin Myhr.

**BERNT IVAR BERGUM**  
bib@hallingdolen.no

- Det er ingen andre som tek vare på hallingtradisjonen dersom ikkje me gjer det i Hallingdal, seier Martin Myhr.

Dei siste 13 åra har han stått i bresjen for lokal danse- og speltradisjon, mellom anna gjennom Hallingdal junior-spelmannslag. No meiner han det skortar alvorleg på rekrutteringa. Får ikkje laget nye krefter inn, kan det gå mot nedlegging.

## Immateriell kulturarv

I samband med Folkemusikkveka vart det i år gjort stunt for å engasjere barn og unge i den lokale dans- og speltradisjonen. Men stunt er neppe nok til å redde lokalkulturen.

26. mai omtala me også uroa til Martin Myhr kring manglande rekruttering. Myhr gir seg ikkje med det. Han har tatt tak i utfordringa, både ved å søkje om ekstern støtte og ved å skrive brev til kulturleiarane og ordførarane i Hallingdal.

Ekstern støtte har det blitt, førebels 100.000 kroner frå fondet Dextra musica. I desse dagar spring han også i møte med kulturleiarar og kommunar.

I brevet peikar han på at lokalkulturen er «immaterielle verdiar» som burde vere av interesse å ta vare på.

## Kamp om dei unge

Om rekrutteringsutfordringane let seg løyse er for tidleg å seie. Det blir stadig færre unge i

dalen og kampen om rekrutterere blir kjempa på mange frontar.

- Det er kamp om dei unge. Mange aktørar slit?

- Men her er det snakk om kunst- og uttrykksformer som vil forsvinne om me ikkje tek vare på dei. Me burde ta vare på dei lokale identitetsmarkørane. Ingen andre gjer det, seier Myhr.

I årevis har han pressa på for at kulturskulane skal plukke opp hansken, men det blir i dag berre unntaksvis gitt tilbod om opplæring på torader, hardingfele, kveding eller langeleik.

Om det blir gitt slik «begynnaropplæring» så er det per i dag få eller ingen som går vidare og blir med i juniorspelmannslaget. Utan betring blir det dermed berre eit spørsmål om tid før denne tradisjonen er historie. 12-13 aktive er no redusert til tre-fire, og fleire av dei står på trappene til å avslutte vidaregåande skule. Utan ettervekst er scenegolvnet snart tomt.

## - Inn i skulen og kulturskulen

«Eg meiner at kulturskulane burde ha plikt til å ha særleg hardingfele og torader i katalogen sin», skriv Myhr i brevet, og oppmodar om samarbeid.

- Alle skular burde også lære elevane slik at dei kan litt. Då må lærarar på skulebenken, seier Myhr.

«Ingen ungar i Hallingdal bør få gå ut av grunnskulen utan å kunne danse ein liten laus», skriv Myhr.

Hallingdansen, «lausen» og springaren burde kunne vore ein del av ei rekkje fag, anten det er snakk om gym, musikk eller historie. Myhr er forundra over at ikkje fleire ser på dette som ein skatt vel verd å ta vare på.

«No vil vi invitera alle gode krefter til samarbeid om å gje inspirasjon til nye unge utøvarar som kan føre tradisjonane vidare», heiter det i brevet.



**TRENG EI HAND:** Martin Myhr strekkjer ut ei hand for å redde lokal dans- og musikkkultur. Han håpar på eit felles løft for å ta vare på det han meiner er ein skatt og ein identitetsmarkør som er i ferd med å forsvinne. (FOTO: KNUT UTLEIR)

## HÅREK av Chris Browne



**KULTUR** er alt frå kino, konsertar, teater og utstillingar til restaurantbesøk. Kort sagt - utelivet i Hallingdal. Arrangørar kan sende oss førehandsstoff og bilete.

**Post:** Hallingdølen, Sundrevegen 79, 3570 Ål. Merk konvolutt «kultur».

**E-post:** kultur@hallingdolen.no

**Telefaks:** 32 08 65 45

## Fristar

Tysdagsavisa..... fredag kl. 12.00

Torsdagsavisa..... måndag kl. 15.30

Laurdagsavisa ..... onsdag kl. 15.30